

## **MØTEBOK**

### **REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL**

**Møtedato:** Fredag 25.mai 2018  
**Stad:** Ål, Hallingdal Feriepark

#### **Desse møtte frå Regionrådet:**

Petter Rukke, Hol kommune  
Solveig Vestenfor, Ål kommune  
Helge Feet, Gol kommune  
Tore Haraldset, Nes kommune  
Tor Egil Buøen, Flå kommune

#### Forfall:

Oddvar Grøthe, Hemsedal kommune

#### **Desse møtte frå administrasjonen**

Knut Arne Gurigard, dagleg leiar  
Ulrikke Ytteborg, prosjektleiar

#### **Desse møtte frå Buskerud fylkeskommune:**

Anne Sandum, fylkeskontakt  
Arne Jørstad, fylkeskontakt  
Kjersti Bærug Hulbakk, regionkontakt

#### **Desse møtte frå rådmannsutvalet**

Ole Johnny Stavn, Hol kommune  
Tone Tveito Eidnes, Ål kommune  
Hege Mørk, Gol kommune  
Jan Olav Helling, Hemsedal kommune  
Odd Egil Stavn, Flå kommune

---

#### **SAK 17/18 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 14.3.2018**

##### Vedtak

Protokollen er godkjent.

#### **SAK 18/18 SELSKAPSSTRATEGI FOR KOMMUNEREVISJON IKS**

##### Vedtak

Regionrådet for Hallingdal ser det som nødvendig at eigarane samordnar seg i høve til selskapsstrategi. Ut frå dette ber Regionrådet om at høyringsfrist blir utsett til 1. oktober 2018.

#### **SAK 19/18 EVALUERING HALLINGHELSE**

##### Vedtak

Regionrådet ber rådmannsutvalet oppnemne ei arbeidsgruppe med representantar frå kommunane og Hallingdal sjukestugu. Buskerud fylkeskommune skal også inviterast inn i arbeidet. Arbeidsgruppa får fylgjande mandat:

Arbeidsgruppa skal planleggje ei vidareføring av Hallinghelse til eit kompetansesenter for helse og omsorg i Hallingdal. Arbeidet skal omhandle både organisering, finansiering og aktuelle faglege samarbeidsområde. Arbeidet skal slutførast innan 1. febr. 2019 og leggjast fram for Hallingtinget våren 2019.

#### **SAK 20/18 KOMMUNALE SENGER VED IMA**

Saka vart utsett til neste møte

#### **SAK 21/18 HANDLINGSPROGRAM FOR SAMFERDSEL (2018 – 2021) FOR BUSKERUD FYLKESKOMMUNE**

Ine Gjellebæk og Kjerstin Spångberg frå samferdselsavdelinga i Buskerud fylkeskommune orienterte om [handlingsprogram for samferdsel \(2018 – 2021\)](#), som vart vedteke i Buskerud fylkesting 6.12.2017. Tema det vart orientert om var fylkesvegar og vedlikehald, gang – og sykkelvegar, kollektivtrafikk og trafikktryggleik, vedlagt presentasjon.

#### **SAK 22/18 RULLERING AV KUNST OG KULTURSTRATEGI FOR BUSKERUD FYLKESKOMMUNE**

Jon Endre Røed Olsen, kultursjef Buskerud fylkeskommune orienterte om arbeidet med rullering av kunst og kulturstrategi for Buskerud fylkeskommune, vedlagt presentasjon. Innspelsfase er t.o.m. 5.juli 2018. Høyringsfase vil vera etter 27.september og politisk handsaming er planlagt januar - februar 2019.

#### **SAK 23/18 UNG INVEST HALLINGDAL**

Hovudutvalet for utdanningssektoren i Buskerud fylkeskommune handsama i møte 22.3.2018 sak om «Pilot med AI-funksjoner i Hallingdal», der det vart gjort slikt vedtak:

*Hovedutvalget for utdanningssektoren godkjenner rammeverket for det videre arbeid med piloten for AI-funksjoner i Hallingdal.*

Ingebjørg Mæland, [UngInvest AIB](#), Line O. Usland og Magne Skaalvik frå utdanningavdelinga i Buskerud fylkeskommune orienterte om UngInvest og pilot Hallingdal med oppstart hausten 2018, vedlagt presentasjon.

Regionrådet for Hallingdal ynskjer å bli orientert om det vidare arbeidet med UngInvest Hallingdal, og vil vurdere korleis Regionrådet event. kan vera ein samarbeidspart.

#### **SAK 24/18 HALLINGDAL KARRIERESENTER**

Kirsten Bøckman, ved [Karriere Buskerud](#) orienterte om Karriere Buskerud med vekt på [Hallingdal karrieresenter](#), vedlagt presentasjon.

Det er foreslått ein finansieringsmodell der kommunane i Buskerud bidreg med ein grunnpris på 4kr/innbyggjar x år.

#### **SAK 25/18 FOTBALLBANAR OG GUMMIGRANULAT**

Stortinget vedtok 15.februar 2018, at innan 1. januar 2019 må alle kunstgrasbanar i Norge ha utstyr for å fange opp gummigranulat.

Arve Rustberggard frå styre i SpareBankstiftelsen Hallingdal orienterte om vedtak om å gje støtte til oppsamling av gummigranulat på kunstgrasbanar i Hallingdal, vedlagt presentasjon.

SpareBankstiftelsen Hallingdal ynskjer og oppfordrar kommunane i Hallingdal til bli med på ein felles økonomisk dugnad, når det kjem søknadar om finansiering til miljøtiltak.

### **SAK 26/18 EVENTUELT**

#### Tradisjonsmusikken og dansen i Hallingdal

Martin Myhr uttrykkjer i brev til ordførarane 21.5.2018 uro for rekruttering til folkemusikk og folkedans, som har ei sterk stilling i Hallingdal, og er ein av dei kulturelle bærebjelkane.

Myhr ynskjer eit møte med ordførarar og leiarar for oppvekst/kultur for klargjera synspunkt og drøfte aktuelle tiltak.

I samband med regionrådsmøte 30 – 31.august skal oppvekstleiarar i kommunane og Martin Myhr inviterast til vidare drøfting.

#### Barnehus

Regionrådet drøfta Statens Barnehus, der barnehuset i Sandefjord m.a. dekkjer Buskerud.

Spørsmålet er om det kan vera aktuelt å vurdere barnehus for ein mindre region, for å redusere avstandsulemper, som kan vera ei stor belastning.

Det skal gjerast vidare vurderingar/sonderinga fram til neste møte?

#### Høyring jernbanesektoren sitt handlingsprogram 2018 – 2029

Jernbanesektoren sitt handlingsprogram for perioden 2018 – 2029 er no på høring, høyringsfrist 22. juni 2018. Dagleg leiar lagar forslag til uttale som Regionrådet gjev synspunkt til pr. e-post.

Hallingdal 4.6.2018

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar